

STYREPROTOKOLL

Tysdag **18. september 2018** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – 17.20
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo, Simon Næsse og Siv Bente Stople Østbø
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent (utsending pr. e-post 12.09.18)
SAKSLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 13/18 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 03.04.18

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 03.04.18 blir godkjent.

Styrehandsaming 18.09.18:
Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 18.09.18:

Protokoll frå styremøte 03.04.18 blir godkjent.

SAK 14/18 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.09.18

14. Protokoll frå representantskapsmøtet i HKS IKS – 23.04.18
15. Asbjørn Eik-Nes - nytt varamedlem til representantskapet i HKS IKS
16. Protokoll frå årsmøtet i Forum for Kontroll og tilsyn 29.-30.05.18
17. Brønnøysundregistra – motteken og godkjend årsrekneskap 2017 frå HKS IKS
18. Oversikt over tillitsvalde – NKRF 2018-2019
19. Kort om Norges kommunerevisorforbund (NKRF)
20. KS Bedrift - ny kommunelov vedtatt 08.06.18
21. KS Bedrift – reiseregulativet har nye reglar og satsar frå 22.06.18

22. Program – FKTs fagkonferanse - samling for kontrollutvalgssekretariat – Trondheim
23. NKRF – innlegg i Kommunal Rapport 15.08.18 – « Tillit og kontroll»
24. Vestlandssamlinga 04.- 05.10.18- Flesland (program ikkje sendt ut ennå)
25. Haustkonferansen – Forum for kontrollutvalg i Rogaland 22.11.18 i Sandnes

Styrehandsaming 18.09.18:

Dagleg leiar orienterte og styret kommenterte. Feil representantskapsprotokoll, frå året før, var vedlagt. Elles ingen særskilde merknader.

Samrøystes vedtak 18.09.18:

Styret tar referatsakene 14 - 25 til orientering.

SAK 15/18 – STATUSOVERSIKT PR. SEPTEMBER 2018

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. september 2018 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 18.09.18:

Dagleg leiar informerte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planar. Økonomirapport pr. 18.09.18 blei delt ut. Styret hadde ingen særskilde merknader.

Samrøystes vedtak 18.09.18:

Statusoversikt pr. mars 2018 blir tatt til orientering.

**SAK 16/18 – NY PERSONVERNFORORDRING (GDPR) OG PERSON-
VERNERKLÆRING FOR HKS IKS**

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS er orientert om konsekvensar knytte til ny personopplysningslov og godkjenner bruk av vedlagte personvernerklæring for HKS IKS.

Dagleg leiar gis fullmakt til å endre/justere erklæringa og å gjere nødvendige tilpassingar knytt til personopplysningslova.

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Styrehandsaming 18.09.18:

Dagleg leiar informerte om forarbeidet mot egen nettside og sjekk med Datatilsynet sine nettsider. Ho gav uttrykk for at ho var usikker om ei avtale via FKT var naudsynt. Styreleiar gjorde framlegg om at dagleg leiar bad om at temaet blei tatt inn i programmet til Vestlandssamlinga og undersøke med dei andre sekretariata kva dei vil gjere. Styret og dagleg leiar støtta framlegget. Val av kjøp av teneste vert med dette inn til vidare sett på vent. Dagleg leiar gjer dei vidare naudsynte tilpassingar.

Samrøystes vedtak 18.09.18:

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS er orientert om konsekvensar knytte til ny personopplysningslov og godkjenner bruk av vedlagte personvernerklæring for HKS IKS.

Dagleg leiar gis fullmakt til å endre/justere erklæringa og å gjere nødvendige tilpassingar knytt til personopplysningslova.

SAK 17/18 – ETTERUTDANNING - RÅDGIVER

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar å dekkje kr 1800,- til Odd Gunnar Høie si etterutdanning ved Høgskolen på Vestlandet hausten 2018.

Fagbøkene går inn i selskapet sin eigedom.

Styrehandsaming 18.09.18:

Styret slutta seg til innstillinga og meinte støtte til etterutdanning generelt var eit godt tiltak. Styret meinte likevel at dei ville vurdere kvar enkelt søknad individuelt då kostnadene til ulike studiar kan vere mykje høgare enn det som gjaldt denne konkrete søknaden.

Samrøystes vedtak 18.09.18:

Styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vedtar å dekkje kr 1800,- til Odd Gunnar Høie si etterutdanning ved Høgskolen på Vestlandet hausten 2018.

Fagbøkene går inn i selskapet sin eigedom.

SAK 18/18 – LØNNSFORHANDLINGAR 2018

Dagleg leiar si innstilling:

Styret gjer styreleiar (og nestleiar) fullmakt til å fastsette ny løn for dagleg leiar og forhandle om ny løn til rådgjevar, gjeldande frå 01.05.18 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan 1. november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

Styrehandsaming 18.09.18:

Krava var sendt ut i forkant (unntatt off. – OFL § 23.1). Dagleg leiar gjekk frå møtet under handsaming av saka. Styret drøfta saka.

Aktuelle datoar for styreleiar blei avtalt med dagleg leiar i etterkant av vedtaket.

Samrøystes vedtak 18.09.18:

Styret gjer styreleiar fullmakt til å fastsette ny løn for dagleg leiar og forhandle om ny løn til rådgjevar, gjeldande frå 01.05.18 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan 1. november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

Neste styremøte er planlagt til **tysdag 4. desember**. Møtet vert som tidlegare år lagt til Haugesund og det vert invitert til julemiddag med styret og dei tilsette i etterkant av møtet.

Aksdal, 18. september 2018

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar